# NYTTÅRS-SALME II

T TRYGVE BJERKRHEIM
(1981)
M JOHAN L. OKKENHAUG
(2022)




## *Året døyr*

1. Det siste skimt av solgull svann.
So skumrar det i Noregs land.
Men brått det logar opp ein eld
som glør og brenn ein ny-års-kveld.

2. Den siste rest av året svinn,
i æve-havet strøymer inn.
Det gamle året gjeng i grav.
Ei nyfødd sol stig opp or hav.

3. Det gamle året gjeng til ro,
mens kvelden skin, med glim og glod.
Men snart det renn ein morgon ny.
Kva vil det nye år oss by?

4. Ei sol, eit år i hav gjeng ned.
Gud lova sjølv å ganga med.
So gå frimodig vegen din!
Det nye året ringjest inn.